

Vestlandsstør

— — — og fordi han ikke lod sig mærke med Naturen og Naturen heller ikke lod til at kjende ham, saa forstod jeg med en Gang, at det var selve Vestlandsfanden.

— Aha, tænkte jeg. Paa Veien til Storthinget!
Nils Kjær.

Da hadde jeg en vision: jeg så Vestlandsfanden forvandlet til Landsmålsbanditten.

Alf Larsen.

NR. 4

NOVEMBER 1969

6. ÅRG.

SPRÅK OG SAMFUNN side 5

IVAR AASEN side 3

POETA DOCTUS side 6

AMERIKA OG VI side 8

MARXISMEN I SPRÅKVITSKAPEN

Av Josef Stalin

Ei gruppe unge kameratar har oppmoda meg om å uttale meg i pressa om språklege spørsmål, særleg då marxismen sitt tilhøve til språkvitskapen. Sjølv er eg ikkje språkforskar og kan då sjølvsagt heller ikkje gje kameratane heilt fullnøyande svar. Når det gjeld marxismen i språkvitskapen, så er eg direkte engasjert i dette emnet. Det same gjeld for marxismen sitt tilhøve til andre samfunnsvitskapar. Difor har eg gått med på å svare på ein del spørsmål som kameratane har stilt meg.

Spørsmål:

Er det så at språket er ein overbygdning over basis?

Svar:

Nei, det stemmer ikkje.

Basis er det økonomiske systemet i samfunnet på eit gitt utviklingssteg i historia. Overbygdningen er dei politiske, rettslege, religiøse, kunstnarlege og filosofiske ovringerane i samfunnet og dei politiske og rettslege institusjonane som svarar til desse.

Kvar form for basis har ein tilsvarande overbygdning. Basis i det føydale samfunnssystemet har sin overbygdning, sine spesielle politiske og rettslege ovringer og tilsvarande institusjonar, basis i eit kapitalistisk samfunn har sin overbygdning, i eit sosialistisk land har han sin. Dersom basis vert endra og gjort om inkje, endrar overbygdningen seg i samsvar med dette. Dersom ei ny basisform vert til, så fører det då med seg at ein tilsvarande overbygdning stig fram.

I røynda skil språket seg ut frå overbygdningen i så måte. Ta no t.d. det russiske samfunnet og det russiske språket. I dei seinste 30 åra har den gamle kapitalistiske basis i Russland forandra seg, og ein ny sosialistisk basis er vorten bygd opp. I samsvar med dette er overbygdningen over den kapitalistiske grunnvollen (basis) gjort om inkje, og ein ny overbygdning er skapt som svarar til ein sosialistisk basis. Følgjeleg vart nye sosialistiske institusjonar sette i staden for dei gamle politiske og rettslege institusjonane. Men trass i dette vart det russiske språket i hovudsaka verande som det var før Oktoberrevolusjonen i 1917.

Kva har så brigda seg i det russiske språket etter dette?

I ein viss mon har ordskatten i det russiske språket vorte rikare. Det har kome til mange

Lat oss så gå vidare. Overbygdningen vert skapt av grunnvollen, men dette tyder slett ikkje at han berre gjev eit spegelbilde av basis, at han held seg passiv, nøytral eller likesæl overfor lagnaden åt grunnvollen sin, lagnaden åt klassane og den karakteren systemet har. Nei, tvertom, når overbygdningen er blitt til, vert

overbygdningen gjev opp tenarrolla si, går over frå aktivt forsvar av basis til likesæle mot han, og til ei likesæl haldning overfor klassane, for at han skal misse kvaliteten sin og ikkje lenger vere ein overbygdning.

Språket skil seg i så måte ut frå overbygdningen. Språket er ikkje avla av ein viss grunnvoll på eit gitt tidspunkt. Det er heile utviklinga av samfunnet si historie og basis opp gjennom hundreåra som har forma språket. Det er ikkje skapt av nokon einskild klasse, men av samfunnet som heilskap. Det er ikkje blitt skapt for å tene naudturftene åt nokre få, men for å vere alle klassar og heile samfunnet til gode. Nettopp difor er det vorte til som eit einskapleg språk for heile samfunnet, felles for alle medlemmene av samfunnet. Med omsyn til dette går språket si rolle som kommunikasjonsmiddel ikkje ut på å tene ein spesiell klasse til meins for andre klassar, men å tene heile samfunnet og alle klassane, både den gamle og den nye grunnvollen, utbytta og dei som er utbytta. Ut frå dette kan ein då forklare at språket i like stor mon kan tene det gamle døygande systemet som det nye systemet i framvokster.

Det tykkjest klart for dei fleste av oss at det russiske språket tente den russiske kapitalismen og den borgarlege kulturen som eksisterte før Oktoberrevolusjonen like godt som det i dag tener det sosialistiske systemet og den sosialistiske kulturen i det moderne russiske samfunnet. Det same kan seiast om dei andre nasjonalspråka innafor Sovjet-Samveldet sine grenser.

Annleis kan det heller ikkje vera. Språket eksisterer og er skapt nettopp med det mål for auga å tene samfunnet som heilskap. Språket er eit omgangsmiddel som kjem alle samfunnsmedlemmene til gode uansett klassebakgrunn. Men dersom språket går bort frå å vere eit tungemål for heile folket og blir ein sjargong for ei viss sosial gruppe, vil det snøgt forfalla og går ein snarleg død i møte.

Språket, som i prinsippet skil seg frå overbygdningen, skil seg i dette stykket imidlertid ut frå

produksjonsreiskapane, t. d. maskinane, som står i same likesæle tilhøvet til klassane som språket gjer det. Likevel kan språket tene det kapitalistiske systemet like godt som det sosialistiske, plent som maskinane kan det.

Vi må ikkje gløyme at overbygdningen er eit produkt av ein spesiell tidbolk der ein gitt grunnvoll eksisterer og fungerer. Nettopp difor har overbygdningen kort levetid, den gitte overbygdningen blir borte i og med at den tilsvarande basis gjer det.

Språket er derimot eit produkt av ei heil rad tidsepokar. Det tek form, utviklar seg, vert rikare og meir avsløpt med tida. Difor lever språket mykje lenger enn nokon spesiell basis eller overbygdning vil gjere.

Det er no gått hundre år sidan Pusjkin døydd (Pusjkin, russisk diktar som levde: 1799—1837). Etter den tid har Russland gått gjennom både ei føydal samfunnsform, ei kapitalistisk, og no har altså eit sosialistisk system stige fram. Men det russiske språket har ikkje brigda seg særleg mykje på denne tida. Det moderne russiske språket skil seg ikkje mykje ut frå det målet Pusjkin nyttar i diktverka sine.

Dette ser eg ikkje noko urimeleg i. Kva skulle det eigenleg tene til å gjera om inkje språkstrukturen, den grammatiske bygdningen og det grunnleggjande ordtilfanget i eit språk og setja noko nytt inn i staden, slik det er vanleg med overbygdningen? Kvifor skulle ikkje «vatn» og «land» heite «vatn» og «land»? Kven i all verda skulle ha trong for å skifta ut desse hevdvunne orda med nye? Og kven er det som kunne ha interesse av å endre språkstrukturen? Kva skulle revolusjonen tene på ei slik omkastning av språket? Historia gjer slett ikkje noko vesentleg utan at det finst trong for det. I og med at det eksisterande språket fyller si oppgave, skulde det såleis ikkje vera turvande med noko radikalt nytt i språkvegen, sjølv om sosialismen er innført i landet.

I løpet av få år er det naudsynleg å endre den gamle overbygdningen og setje ein ny ein inn i staden for å gje rom

Framhald side 4.



nye ord og uttrykk etter kvart som den nye sosialistiske produksjonen har vakse fram. Vi har fått ein ny stat, ein ny sosialistisk kultur, eit nytt sosialt miljø, og alt dette har hatt innverknad på språket. I samband med utviklinga i teknikk og vitskap er innhaldet i mange ord og uttrykk vorte eit anna, somme gamaldagse ord er gått ut av vokabularet. Men det grunnleggjande ordtilfanget i språket og den grammatiske bygdningen har ikkje endra seg noko eller blitt ombytt med noko anna, sjølv om den kapitalistiske grunnvollen er borte.

han ei svært aktiv kraft. Han hjelper grunnvollen sin aktivt til å ta form og konsolidere seg, og tek alle åtgjerder i bruk for å hjelpe det nye systemet i å gjera om inkje den gamle grunnvollen og dei gamle klassane.

Annleis kan det heller ikkje vera. Overbygdningen vert skapt av basis med det føremålet å tene han, for aktivt å hjelpe han å ta form og konsolidere seg. Sameleis kjempar overbygdningen aktivt for å kaste den gamle grunnvollen, og den overbygdningen som høyrer til, på båten. Det trengst berre at

VESTLANDSFA'N

ORGAN FOR STUDENTMÅLLAGET I BERGEN

Skivebakken 24
5000 Bergen

Redaksjon:
Olaf Almendingen
(ansvarleg)
Helga Kolstad
Rune Sørland

Forretningsnemnd:
Olaf Almendingen
(ansvarleg)
Tor Totland
Postgiro 71 472
Skivebakken 24

CULTUR OG KULTUR

Her i landet har det lenge vore ei svært utbreidd oppfatning at kultur, det er noko som må spreia, tilliks med andre varer. Det finst ulukkelegvis folk som er fødde «kulturlause» og såleis må reknast som barbarar av fødsel. Folk som då har ei viss oppfatning av kva «kultur» verkeleg er og kva det «bør» vera, spreier si tolking av kunsten og sine daningsideal utover til «de brede lag av folket». Dette kan desse folka gjera fordi dei har den økonomiske makta i landet og såleis kan kontrollere massemedia. Difor er det at den borgarlege kulturoppfatninga er rådande her i landet.

Kulturelle er folk fyrst når dei kjem inn i «rette» miljø. Riv ein dei opp frå sin heimlege bakgrunn og plasserer dei i kulturresevat, vil nok snart «Culturen» boble opp i dei, trur ein. Overklassen spreier si spesielle «culturoppfatning» og sin «kultur» utover til folk og tek dette som noko sjølvsgagt. Dei ser på seg sjølv som «kulturformidlarar» og «culturskaparar», andre er berre mottakarar, og skal vera det. Herre-Knekt-spelet syner seg tydeleg her. Bønder og arbeidrar har ikkje noko slikt som «kultur» dei, men fer usømeleg å når dei er seg sjølv og dyrkar sine egne sermerke. Såleis høyrer ein ofte at no må ein spreia «kultur» utover til bygdene òg, der trengst det visst. Ein gløymer då at folka her har sin eigen kultur og sine egne samlivsformer, dei «manglar» ikkje nokon.

Dei same krinsane ser og på kulturen som ein eigen sektor av tilveret. Ein konsumerer bøker, teater og film på same måten som ein et god mat og drikk fine vinar. Deretter ovundrar ein elegante rytmar og smattar på versemål, stutt sagt: ein er teknisk interessert i kunsten og berre det. Kulturlivet er blitt ei form for sekterisme på eit opphøgd plan. «Culturell» er ein til visse tider på dagen og visse dagar i veka, dei andre dagane nyttar ein tida til å pønske ut nye og meir utpekulerte metoder å tene pengar på.

Kultur er eit mykje vidare omgrep enn det som hittil er skissert, sjølvsgagt. Ofte set ein likskapsteikn mellom «kunst» og «kultur». Etter mi meining er «kunst» eit mykje trongare omgrep. Det er sjølvsgagt svært vanskelig å gje ein heilt fullnøyande definisjon på kva «kultur» eigenleg er for noko, men stutt sagt kan vi seie at det er summen av våre tankar, ord og gjerningar frå dag til annan.

Desse er i sin tur eit resultat og spegelbilete av det samfunnet vi lever i. «Kultur» er såleis ikkje noko ein «har», men heller noko ein «er», som filosofen Gabriel Marcel seier det.

Å vere skapande ut frå egne føresetnader og såleis bli klar over sin eigen identitet er viktig for personleg fridom og sjølvutfalding. Det er viktig å bli klår over sine egne gjevnader og sermerke for så å odle dei og bygge dei vidare. Dette er ikkje alltid så lett når andre har definert korleis ein «skal» vere. Det er visse veremåtar som fører til «suksess», andre ikkje. Såleis kan vi ikkje seia oss nøgde med at nokre få utvalde skaper og definerer, medan andre skal konsumere dette, slik det no er i vårt kapitalistiske reklamesamfunn.

Å vere seg sjølv vil for mange seie at dei nyttar nynorsk mål i skrift og tale. Dette er langt fleire enn dei som har nynorsk hovudmål til artium. Men nynorsk vert ikkje rekna for «kultur» det, må vita, og bra er det. Det som ikkje er fullt så bra, er at dei som meiner dette, har makta i samfunnet og veit å nytta henne ut òg. Kor djupt «finculturen» eigenleg stikk, kan ein lett finne ut ved å sjå korleis dei «høgkulturelle» stiller seg til nynorsken og målrørsla. Mange av desse «culturflein-

LUTHERSTIFTELSEN TENER MAMMON!

Vi kan ha så ymse slags meiningar om Kjell Bondevik, men at han er ein god målmann, må vi stort sett sanna. Difor reknar vi også med at når Lutherstiftelsen gjev ut ei bok om kyrkje-statsråden vår, og attpåtil har late den uredde redaktøren og målmannen Arthur Berg føra biografien i penn, så skulle arbeidet vera eit lite tilskot til den nynorske bokhausten 1969. Stor vert difor undringa når vi blar gjennom boka og finn at berre eitt kapittel er skriven på nynorsk. Men det er ikkje berre resten av Bergs biografi som er skriven på «norsk-dansk»: Sist i boka er det prenta eit foredrag av Bondevik — også på bokmål. Korleis kan slikt gå til?

Arthur Berg vedgår alt dette, og han er lei for at han ikkje har vore sterk nok til å stå mot presset.

«Det var forlaget som ville det slik for å fremja salet,» seier han. «Men de må berre dengja laus på meg, for dermed kan eg stå sterkare ein

annan gong dersom eg vert pressa til å skriva bokmål.»

Vi legg saka fram for forlagssjefen i Lutherstiftelsen. Han har berre vore der eit år, fortel han, men dei som var eldre i bransjen rådde til at boka vart skriven på bokmål for at ho skulle kunna nå fleire lesarar.

«Det kan vel tenkjast at det finst folk som ikkje vil kjøpa boka fordi ho er på bokmål,» seier vi.

«Veit De om nokon slike?» spør han då.

Forlagssjefen kjenner elles ikkje til kvifor foredraget åt Bondevik er kome på bokmål.

«Vi fekk det slik, og slik let vi det gå inn i boka,» er svaret.

(Ein meldar i «Bergens Arbeiderblad» trur at foredraget er omsett frå engelsk.)

Dette er eit typisk døme på korleis forlaga kan vera med på å dirigera språkutviklinga. Tanken på godt eller dårleg sal fører til at gode målfolk får valet mellom å

skriva ei «pop-bok», eller la vera å skriva. At nynorske forlag har synt at språkelege fordommer lettare let seg riva ned enn ein trur, om bøkene vert selde på rette måten, det tek ikkje bokmålsforlaga omsyn til.

Granskær ein boklistene frå Lutherstiftelsen og andre kristelege forlag, vil ein finna ut at slike forlag vender seg særleg til dei som finn seg til rette i det borgarlege samfunnet, og som dessutan vil gå for å vera kristelege (om ikkje nett kristne) folk. Difor gjev slike forlag gladeleg ut biografiar om amerikanske statsmenn som går i kyrkja kvar sundag, eller om popsongarar som har teke til å syngja inn «kristelege» plater. Folk som kjøper slike bøker, har ofte lite skjøn for norsk målreising, og når eit kristeleg forlag meiner at Bondevik fortener ei bok, er det vel fordi dei tykkjer han er ein god tenar for dei borgarlege, og ikkje fordi han er norskdomsmann. Det vil dei helst teia om. A. O.

Hotell HORDAHEIMEN
C. Sundtsgt. 18. Tlf. 32 320

PARADIS KONFEKT- og THESALONG
Ved vegkrysset, Paradis. Tlf. 72 666

Møtehuset FENSAL
K. Oscarsgt. 15. Tlf. 32 118

Skal du treffa kjenningar på byen så avtal møte på KAFFISTOVA til B.U.L. på Torget, eller i HORDASTOVA, C. Sundtsgt. 18.

Skal du ha ein «stor dag» heime og vil kjøpa ferdige smørbrød så får du dei aller beste på KAFFISTOVA og HOTELL HORDAHEIMEN

KAFFISTOVA til BUL
Torget 1. Tlf. 12 120

Isbaren SNORRE
Ved inngangen til Fensal, K. Oscarsgt. 15

ARNASTOVA
Indre Arna. (Saman med NU og VM). Tlf. 40 486

Skal du ha ei hyggjestund med slekt eller vener så er matsalen i HOTELL HORDAHEIMEN rette staden.

MERK: Skuleungdom får moderasjon på middag på Kaffistova, Torget 1.

ER DU PÅ TUR

til Indre Arna, så hugs på at me eig Arnastova saman med HU og VM. God kaffi og rimelege lunsjrettar får du på Arnastova, som også leverar smørbrød og kan skipa til samkome for store og små lag.

GODE SMØRBRØD

kan du også få sendt frå den nyleg overtekte «Paradis Konfekt- og Thesalong» som ligg like ved vegkrysset på Paradis. — «Thesalongen» serverer elles lunsjrettar og delikate heimebakte tebrød og kaker. I disken er det særst stort utval i tobakks- og sjokoladearer.

HAR DU

lyst på ein godbit når du er i byen så får du mange slike i Isbaren Snorre, ved inngangen til Fensal. Du får mjuk is når det er varmt i veret og varme bikkjer (Hot dogs på godt norsk) heile året.



LAGSBRUKI TIL BONDEUNGDOMSLAGET I BERGEN L/L

schmeckerane» har aldri skjona ideane bak målrørsla og føresetnadene for henne, og ein treng ikkje ha nokon illusjon om at dei nokon gong vil gjera det heller. Dei vil aldri nå så langt som det.

Desse folka tek sjeldan kunsten alvorleg, dei berre snakkar om han. Kunst er påverknad, difor gjeld det å ta brodden frå han. Dermed kan ein halde oppe status quo. Difor gjeld det òg at andre vurderer kunsten på same måten. «Finculturen» har såleis underminert heile funksjonen som kunsten bør ha i samfunnet, samstundes som kulturomgrepet er vorte heilt rangsnudd. Når ein forfattar eller kunstmålar prøver å framstille naud og elende, rangsidene i samfunnet, er det slett ikkje meininga hans at vi skal ovundra teknikken hans, nei, vi skal ut og rette på det som er gale, stutt sagt.

Konsekvensen av alt dette?

Jau, at målstrid er klassekamp og ingenting anna.

God jul!



Ein „Poeta Doctus“

I førre nummeret av «Vestlandsfa'n» presenterte vi haustens første produkt av kombinasjonen bergensstudent/lyrikar, Hans Sande «Strime». Nestemann ut er Kjartan Fløgstad. Også han nyttar nynorsk språkdrakt, også hans diktsamling er utgitt av Det Norske Samlaget.

Fløgstad debuterte siste hausten med samlinga «Valfart», som jamt over fekk svært god kritikk. Ei av dei få innvendingane var at Fløgstad var for lærd og allsidig.

Haustens samling, «Seremoniar», er bygd opp omkring dei tre elementa Vatnet, Vinden, Bølgja. Den heilskapsmeininga Fløgstad tykkjast å vilja formidle, er at det materialistiske notissamfunnet er dauvatn for menneska:

« — — — — — spaserer automatisk att og fram på brune og driv langs promenadane som buskpar som kjenner tev av vatn bøyer dei seg fram og drikk seg sjølve opp or brune, stillestående kanalar.»

Krassare er det meiningslause og framandgjorte formulert i diktet om moderne horeliv:

*Phryne: Ved havet.
Kalken er sømd. Natta og sans —
torturen
av vellyst forbi. Skorpionen har senka sin brodd.
Ein febervind stryk seg avsindig mot muren
av einsemd og tettpakka, morgonkvit skodd.*

*Rommet er lukka om halvmørke, vanskapte minne, innestengd fyll og ei uoppredd seng.
Rusen brenner eldlaust ned dei fortapte, og rallar morbid på sanselause slang.*

*Ho kulser i stilla frå farne kundar, og skjelv i morgondelirisk, avfeldig sex.
Og sloknar som neon, skrik og går under med måneskin, springflod — i havnegrå lys arabesk.*

Kva kan så få mennesket ut av dauvantet? Vinden. Det er umogeleg å eksplisitere kva dette elementet symboliserer. Ei viktig tyding av omgrepet synest å vere lærdom, som er kunnskap om fortida og vårt eige medvit. Gjennom å formidle slik kunnskap, vil dikteren gjere vår sams fortid aktuell og dermed utvide perspektivet for vår eksistens. Den kunnskapen lesaren får om fortida, gjeld først og fremst antikken, førestellingsverd og idéar frå europeiske diktarar og filosofar.

I nokre av fortids- og medvitsdikta verkar Fløgstad fælende lærd — ein «poeta doctus». Men det er vel naturleg at ein må vere lærd for å formidle slik kunnskap.



Kjartan Fløgstad

Om lærdomen ender og då gjer det vanskeleg for lesaren å tileigne seg dikta, er likevel det allsidige ved «Seremoniar» eit langt meir dominerande trekk. — Og allsidig er i denne samanhengen meint positivt: Her er vel så mange lettfattelege som vanskeleg tilgjengelege dikt. Her er tradisjonelle strofeformer som sonette og ballade, modernistiske dikt og kortdikt. Her er emne langvegsfrå, både i tid og rom. Vi møter fotballstadion, kritteikna, paraddis og tannhjul på ein gong.

Til sist tre kortfatta «seremoniar».

Den første om døden, eit sentralt motiv i samlinga:

*Påstand om døden
Vakkert å ha gjeve desse trea til jorda
før vi gjev oss sjølve.*

For ho er hard mot oss og blikkast ikkje om vi går den vegen ho snurrar.

Så «Attervendinga» med dām av austerlandsk formuleringkunst:

Ho har gått gjennom augo mine. Ut i den klåre hausten.

Siste «seremonien» i samlinga er det tause møtet med antikken:

*Stasis
Ikkje lenger maskekora
Ikkje vigselrøyken*

Her er staden og stilla etter dei som gjekk bort gjennom natta.

PS: Fløgstad har skrivne størsstedelen av dikta i Spania. Eit leksikon og ei spansk ordbok er ikkje noko vilkår, men kanskje ein fordel å ha for handa p.g.r.a. ein del spanske namn og sitat. «Seremoniar» Diktsamling av Kjartan Fløgstad. Det Norske Samlaget 1969. Kr. 18,-.

Rus.

„Riksspråk og folkemål“

Framifrå arbeid av norsk-amerikanaren Einar Haugen

Merkeleg nok har vi ikkje her i landet hatt noka samla utgreiing om språket vårt i det siste hundreåret. Rettnok er det skrivi flust om språket vårt, eller språka våre, men storparten er polemiske innlegg eller studiar over einskildemne. I 1966 kom det endeleg ei nokolunde heilsleg målsoge for dei siste hundre åra, men ho var skriven på engelsk av norsk-amerikanaren Einar Haugen. Denne boka er no med små endringar sett om til bokmål.

Først har forfattaren ei interessant utgreiing om framvoksteren av nasjonalspråka i Europa og tilstanden i dag hjå ymse nasjonar. Vi får såleis vita at det slett ikkje er uvanleg at eit land har språkproblem å dragast med. Så gjev han seg i kast med dei norske tilhøva, og hovudvekta vert lagd på 1900-talet, men med ei lita tilbakeskoding mot Wergeland, Aasen, og Knudsen. Lesarane må vera merksame på at forfattaren i fyrste rekke skriv om normeringsarbeid, og viktige spørsmål som t.d. målføringa hjå diktarane ligg på sida

av framstillinga.

Boka er likevel ei sann gullgruve for alle som har hug å sjå målstrev og målkjekl på høveleg fråstand. Haugen gjev att eit mylder av sitat, og alle partar i striden får koma til orde, så sant det let seg gjera. Det er difor ikkje til å hindra at ei slik utgreiing blir morosam. Vi får vita at Oslo Riksmålsforening i 1958 vedtok ein resolusjon der dei truga med å skipa parallelle riksmålsklassar for borna, for dei var visse på at «hvis deres barn skal nå frem til gode stillinger innenfor næringslivet, må de lære å beherske et naturlig og ledig kultursprog, d.v.s. riksmålet.» Men Haugen tek fyrst og fremst med sitat som har vektigare innhald, og det kan jamvel svi litt i eit trufast målmannshjarta å lesa om alt som har vore sagt og gjort så lenge målstriden har loga.

Einar Haugen strekar under at det var fyrst då målfolk tok politiske åtgjerder for å fremja norsk mål at dei byrja å vinna sigrar, men det var også då språkstriden byrja for alvor. Heile utgreiinga gjeld den rolla statleg og privat politikk har spela for at resultatet er vorte som det er. Stort rom får det arbeidet Koht gjorde for å få arbeidarklassen medviten om språket, eit arbeid som er utifrå viktig skal ein forstå samnorskstrevet før og etter krigen. Forfattaren har og nokre sider om språkpolitikken åt N.S. under krigen, ein lut av målsoga vår som ingen har ansa noko større på enno, etter det eg veit. Så kjem over 100 sider om språkstrid etter krigen, om reaksjon og foreldreaksjon, språknemnd og ny læreboknormal, og sist på skriv han eit kapittel om Vogt-komiteén.

Som ventande er finn vi ikkje så mykje om det som har hendt i språkdebatten etter 1960, og av den grunn må vi ikkje tru at boka gjev eit heilsleg bilete av tilhøva i dag. I dei

siste åra har nemleg mange målfolk teke til å analysere samfunnet og dei kreftene som påverkar språkutviklinga, og stendig fleire får augo opp for at vi må driva politikk, ikkje minst distriktspolitikk, skal vi venda straumen. I medan rir riksmålsfolka på dei same problemstillingane som for 20 år sidan, med kriging mot ein samnorsk som ikkje eksisterer, og med teoretisk elsk, men praktisk tyningsstrev mot nynorsken. Dei nye straumdraga kjem ikkje med i den historiske utgreiinga, og det at Vogt-komiteén er omtala, brigdar lite på det faktum, for Vogt-komiteén vart grunna på problemstillingane frå 1950-åra. Men når sant skal sciast, nemner Haugen litt om Skards bok «Målstrid og Massekultur» i sluttkapitlet, der han gjev ei forviteleg vurdering av kva resultat normeringsarbeid har gjeve og kva lærdom vi kan dra av det. Heilt sist vurderer han vonene for utviklinga i framtida, og noko gjennombrøt for målet vårt kan han ikkje øygna. Heller ikkje trur han på nokon «språkfred». Typisk nok sluttar han av slik: «Men kanskje — som Bjørnson sa — er fred heller ikke alltid det beste, men at man noe vil?»

Like verdfull som sjølve utgreiinga er ein bibliografi som strekkjer seg over 45 sider. Der har utgjevarane også fått med heilt nye publikasjonar som t.d. «Kontur og Kontrast». Boklista har og ei hell avdeling med utanlandsk litteratur om språklege emne.

Boka er komen ut i smakfull innbinding og kostar kr. 48,-. Men kunne ikkje forlaget heller sendt henne ut som billegbok? Dette verket er nemleg for viktig til å bli liggjande ukjøpt og ulese på eit lager.

Anfinn Otterå.

Einar Haugen:
NORSK SPRÅKPOLITIKK
I DET 20. ARHUNDRE
Universitetsforlaget.
362 sider. Kr. 48,-.

Lyriske Bergens-studentar

Kjartan Fløgstad SEREMONIAR

Ung europear i norsk lyrikk. Vekte stor oppsikt med debut-boka som kom i fjor.
Kr. 18,00.

Hans Sande STRIME

Lyrikkdebutant med eit skarpt intellekt og ei fin evne til å ordlegge seg knapt og underfundig.
Kr. 18,00.

Det Norske Samlaget

Vestlandske Teaterlag

— Støttelag for nynorsk teater i Bergen —

Postboks 1105 — Bergen — Postgiro 30 78 68
VERT MEDLEM OG STØTT DI EIGA SAK!

ÅRSPENGAR ER MINST:

Skular og høgskular kr. 25,—.
Distrikts- og fylkeslag kr. 100,—, einskildlag kr. 50,—.
Næringsorganisasjonar og verksemdar kr. 100,—.
Einskildpersonar kr. 10,—.

Vestlandskontoret

DAG OG TID

Enklaste måten å tinga bladet her vest er å venda seg beinveges til Vestlandskontoret, H. Holmboesgt. 24 (rett ovanfor Klubben). Vi formidlar tinging — fornying — lysingar — reportasjar — artiklar og anna stoff.

Telefonnummeret vårt er: 11 693.

SKAL VI ALLE . . .

(Framhald frå side 8)

sterk. La oss til slutt spørje Dykk: Ligg det i denne utviklinga ein uauvendelig tendens fram mot utvisking av våre nasjonale kulturar, og er alternativet ein stor amerikansk fellekultur? Skal vi alle bli amerikanarar?»

Kjell Eide svarar då: «Eg har inga tru på våre sjansar til å konservere alle sub-kulturar. All historie har synt ein evig dynamikk i dette at visse kulturar blir absorbert av andre som igjen er i stadig endring. Men det tyder ikkje at utfallet av den utviklinga vi går i møtte er gitt. Og ho er altså slett ikkje med ei akseptering av økonomisk vekst. Vi vil ha stor valfridom til å bestemme vårt kulturelle mønster. Men vi kan ikkje rekne med å ta vare på alle dei lokale kulturarane i Noreg i dag, og vi kan ikkje rekne med å konservere den nåverande busetjingsstrukturen. Vi har ei rad bygdelement som alle villaustr er ein del av det norske kulturbildet. Nokre av desse elementa vil bli borte, medan andre vil ha livets rett dersom vi forstår å verne om dei. Eg har lyst til å sitere Hartvig Frisch: «All framgang blir oppfatta av nokon som tap av kultur». Men vi må stille oss heilt oppsiktsvekkjande dumt dersom vi vel å bli ein provins av den store amerikanske fellekulturen. Dette kan berre skjedd dersom vi heilt dreg oss unna vårt ansvar og vår reelle makt til sjølve å forme vårt kulturmønster. Eit hovudmål for vårt nasjonale liv er å ta vare på det som er av særleg verdi i vår nasjonale kultur, og å ta opp dei mest verdifulle impulsar frå andre.»

Dette svaret representerer ei nokså typisk politisk haldning i vårt moderne samfunn. Teknokratar og byråkratar meiner til og med at ho er objektiv og upolitisk! Det gjeld på død og liv å tilpasse alt og alle «den løpende utvikling» utan å spørje folk om dei verkeleg vil ha det slik. Eg tvilar på om folk verkeleg vil leva i byar all sin dag, rundspørjingar tyder på det motsette. Menneska er til for samfunnet, (les: storkapitalen), og ikkje omvendt. I staden for at menneska sjølve får dirigere utviklinga slik dei vil ha henne, let vi ei lita gruppe finansfyrstar styre oss, folk som berre har kortsynte profittinteresser.

Det Norske Samlaget har hatt stor suksess med den nye Orion Debatt-serien. Truleg vil også denne boka føye seg inn i rekkja av suksessar. Særleg er det eit fint trekk at heile det politiske spekteret får uttale seg i ei og same bok. På den måten vert lesaren tvunga til å tenkje sjølv på ein indirekte måte. Eit alvorleg anke-mål er det likevel at svært få av forfatarane i det heile kjem inn på kvifor USA er eit land med gjærande uro og strid. Ein heilsleg økonomisk analyse ser ein ikkje noko større til i det heile hos nokon av forfatarane. Somme av artikkelane

er av ein eldre dato og til dels uaktuelle no.

Eit anna ankepunkt: Fleire av innlegga er skrivne på bokmål. Er dette fordi skribentane har nekta å la dei bli omsette til nynorsk, eller er det beintfram fordi dei ansvarlege i redaksjonen rett og slett ikkje idest omsetja dei? Somme av forfatarane som til vanleg nyttar bokmål finn vi på nynorsk, andre skriv bokmål. I tidlegare bøker av same slaget, t.d. «Ja eller nei til NATO», har alle artikkelane vore på nynorsk. Eg saknar ein konsekvent politikk her. Hovudfremålet til Det Norske Samlaget er då å gje ut bøker på nynorsk, og då får dei versagod gjera det.

Noveller frå Aasen til Økland

«Den største begivenhet på høstlisten» vart det sagt om «Nynorsk novellekunst» som Det Norske Samlaget gav ut i 1965. «Nynorske noveller» er ei ny utgåve av «Nynorsk no-

Bokmåls litteratur har vi då nøgda av frå før. O. A.

«Amerika og Vi». Redigert av Einar Førde Orion Debatt, Orion-bøkene 90 Det Norske Samlaget 1969 131 sider. Kr. 14.00.

vellekunst» med tillegg av fire yngre forfatarar: Johannes Heggland, Michael Crosby-Jones, Tor Obrestad, Einar Økland.

Trass i at den nynorske novellekunsten vel er fattigare enn lyrikken og romandiktinga, er det meir enn nok å velje i. Halldis Moren Vesaas og Leiv Fetveit, som har redigert antologien, har lagt stor vekt på å gjere utvalet så allsidig og godt som mogleg. Og lesaren har vorte til å gles seg over resultatet. Her møter han det beste av nynorsk forteljekunst i noveller frå Ivar Aasens «Storm og stille» med «happy ending» til Einar Øklands makabre «Black & Decker». Språket

i novellene er normalisert. Hos dei eldste forfatarane er det til samanlikning sett inn ei tekstsider med den originale rettskrivinga.

Det rike utvalet vil gi mange lesarane både gjenkjenningsglede og oppdagarglede. Både språkleg og litterært viser «Nynorske noveller» stor variasjon og spennvidd, og vil bli ei umistande bok for alle som skal lære nynorsk språk og dikting å kjenne. Boka har fått eit tiltalende utstyr og ein sympatisk pris.

«Nynorske noveller». Ein antologi redigert av Halldis Moren Vesaas og Leiv Fetveit. Det Norske Samlaget 1969. 246 sider. Kr. 19.50.



Rikt utval i materiell til alle skuleslag

Norsk Skjemaforlag L/L

Kong Oscarsgate 15 — «Fensal»

Orden — oversikt med konto i banken



Her kan studielån i Statens Lånekasse og andre midlar De disponerer gå inn på sparekonto eller sjekk-konto.

VESTLANDSBANKEN
Telex 2045 — Bergen.

ALLÉHJØRNET

Herman Fossgt. 12. Telefon 14 570
ØL — BRUS OG KOLONIAL

Studenttinget

Moderasjonsbevis for reiser kan kjøpast på Studentsekretariatet frå 13. september.

Sjå oppslag!

Studenttingets arbeidsutvalg har kontortid frå måndag til fredag frå kl. 11—13.

Frist for annonsestønad til studentpressa: 15. nov.

Studentane sin eigen bokhandel

STUDIA

UNIVERSITETSBOKHANDEL

Langesgt. 1 — Telefon 12 095
N.H.H. — Telefon 56 500

Årstadsveien 19 (De prekliniske institutter)
TELEFON 93 641

TIL STUDENTENE PÅ N.H.H.

Vi kan tilby et stort utvalg i:
KOLONIAL - MELK - BRØD - KJØTT
DELIKATESSER - FRUKT - TOBAKK
SJOKOLADE - ØL - MINERALVANN
etc.

KOLSTAD DAGLIGVARER

Selvbetjening — varer sendes!
Kiosken er åpen til kl. 23.00.
Telefon 59 080.

Staden ein møter kjende i byen:

Kaffistova til Ervingen

Strandkaien 2 — Bergen

Ope frå kl. 08.00—22.00

Middag frå kl. 12.00—18.00

